



**Radøy kommune**  
PPT



## *Informasjon til heimen*

### **Ressursdagar 1. og 2. klasse**

Ressursdagane vert gjennomført i alle 1. klassar i Radøy kommune som eit førebyggjande tiltak. Hjelpeinstansar som fysioterapi, helsestasjon og PPT følgjer klassen ein dag og har møte i etterkant med kontaktlærer, andre lærarar tilknytt klassen, og evt. rektor. Tema for møtet er drøfting og råd i forhold til undervisning og skuledag. Rettleiinga kan vere både for heile elevgruppa og enkeltelevar. Ved slutten av skuleåret har dei same instansane eit nytt møte med skulen der ein snakkar om utviklinga i løpet av året. Med dette tiltaket ønskjer vi å vere tilgjengelege for skulen i elevane sin start av skuleløpet, med andre ord: vere ein ressurs for skulane.

Ressursdag på Austebygd skule er 18.10.16

Føresette vil få tilbakemelding frå kontaktlærer dersom det vert gjeve råd i forhold til det enkelte barn.

For å gjennomføre dette tiltaket, ønskjer vi føresette sitt samtykke til observasjon og drøfting.

Manger, 19. august 2016

Unni Helle Nordberg

Leiar Radøy PPT



**Radøy kommune**  
PPT

## Samtykke

Eg / vi gjev samtykke til observasjon av vårt barn på ressursdagane og drøfting av tiltak mellom fagpersonane som er til stades (hausten 2016/våren 2017):

Ja

Nei

Dato:

Elev:

Underskrift:

Levèr så snart som mogeleg til kontaktlærar. (**Seinast fredag 7. oktober 2016**)